



Besøk på omsorgsbustadane

13.08.20

På grunn av smittefare og omsyn til smittesporing ber vi om forståing for at vi må ha oversikt over kven som går inn og ut av dørene på huset. Difor vil ytterdørene framleis vere stengde.

Vi oppfordrar til utandørs besøk og oppmodar om at ein også då skriv seg opp i besøksprotokollen. Det er opna opp for innandørs besøk, i tillegg til bilturar dersom dette er viktig for den enkelte bebuar. Unngå i alle høve å oppsøke folkemengder. Vi oppmodar alle om å følgje desse retningslinjene ved besøk:

- **Personar som har vore utanlands eller i Oslo, Indre Østfold eller andre områder med mykje smitte, bør vente i 10 dagar før dei kjem på besøk. Eventuelt må dei ha ein nyare negativ koronatest.**
- Besøkande må ringe til avdelinga på førehand (helst innan kl 15) og gjere avtale om tid for besøk. Vi tilrår at besøka vert planlagt i tidsromet mellom kl 11.00 -18.00. (unntatt under måltida: lunsj kl 13.00 og middag kl 15.30). Ta med pappservice dersom ein har med mat/drikke.
- Når ein kjem må ein ringe på ytterdøra, slik at personale kan låse opp og ta imot. I inngangspartiet må ein sprite seg på hendene og skrive seg inn i besøksprotokollen.
- Besøkande må ha god handhygiene og unngå klemming.
- Besøkande skal ikkje opphalde seg i fellesareal og passe på å halde minst ein meters avstand til personalet, andre bebuarar og den ein skal besøke.
- **Vi oppmodar dei besøkande til å bidra med å sprite over kontaktflatene etter besøk.**
- Bebuar bør utføre handhygiene når dei besøkande forlet romet.
- Bebuaren bør ha få personar på besøk om gongen.
- Besøka skal helst vere korte, og i tråd med nasjonale retningslinjer.

Gjestane skal vere heilt friske og utan symptom på luftvegsinfeksjon. Ved symptom må ein utsette besøket. I tilfelle nokon besøkande får symptom på covid-19 med påfølgande prøvetaking i etterkant av besøk, skal de opplyse om at de har vært på besøk i institusjonen, som ein del av smitteoppsporinga.

Retningslinjene gjeld inntil vidare, og forutset stabil smittestatus i kommunen. Dei kan difor verte endra på kort varsel.

Kontaktinfo:

Barstadtun: Solkroken 902 97 377, Fjordstova 902 86 218, Fjordglytt 902 86 476

Fjordsyn: Bygdestova 903 62 931, Knakkenstova 902 55 728, Vevendelstova 902 59 456

Folkestadtun: 908 97 098

Helsing Astrid Dimmen, avdelingsleiar heimetenester